



Frode Gravdal
Eidaveien 598
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1878 - 14/6233

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
18.03.2014

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense - gbnr 233/72 Eide indre

Teknisk drift syner til brev motteke 11.02.2014 vedkommande søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg – gbnr 233/72 Eidet indre. Eigedom grensar mot to kommunale veger . Det vert søkt om dispensasjon frå byggegrense mot begge vegane. Teknisk drift vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på følgjande vilkår:

Dispensasjon frå byggegrense kommunal veg Eidavegen (Kv. 23) vert gitt på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og midt kommunal veg skal være minimum 9.0m.

Dispensasjon frå byggegrense kommunal veg Eidavegen (Kv.1098) vert gitt på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak og midt kommunal veg skal være minimum 6,5m.
- Utføring av tiltak kan føre til utrasing av stein/masser i kommunal veg. Om nødvendig skal skråning/skjæring mot veg (Kv.1098) sikrast slik at ein ikkje får utrasing av stein/masser i veg/veggrøft.

Det er §§ 29-31 i Veglova som gjev heimel for at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf.lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

20140318111956

Kopi til:

Siril Therese Sylta

Mottakarar:
Frode Gravdal

Eidaveien 598 5993

OSTEREIDET